


ÅRSMELDING 2023

Knarvik sokneråd



Godkjent av Knarvik sokneråd 06.03.2024

1. STRATEGIPLAN FOR KNARVIK SOKN

Strategiplanen vart vedteke av soknerådet i januar 2021 og er sak på soknerådsmøte og stabsmøte kvart år:

Visjon:

Kyrkja vår – ei bru mellom folk og tru.

Målsetting:

Vi ønskjer ei kyrkje

- der trua på Gud kan vekse
- med gode møteplassar der alle kan kjenne seg velkomne
- med eit variert kulturtilbod

Tiltak:

I perioden 2020-2023 ønskjer vi å prioritere:

- Fleire familiegudstenester i Knarvik kyrkje, 10 i året.
- Kyrkjekaffi etter dei fleste gudstenestene
- Søndagsskule/Juniorgruppe i Knarvik ein gong pr. månad
- Leikerom/-krok, leikekasse
- Etablere tilbod for tweens
- Etablere minst eit tilbod for ungdom i løpet av perioden
- Etablere onsdagsmiddagar i Alversund og Knarvik – med trusopplæringstiltak
- Etablere kyrkjelydsutval, arrangementskomité og praktisk komité
- Arrangere bibeltimar/temakveldar for vaksne 2-3 gonger pr. semester
- Rekruttere frivillige medarbeidarar, særleg til gudsteneste og barne- og ungdomsarbeid
- Samling/kurs for frivillige medarbeidarar på gudstenester våren 2021

2. KYRKJEVAL

11. september var det kyrkjeval – val av medlemmar til sokneråd og bispedømeråd/Kyrkjemøte.

I Knarvik sokn var det 674 personar som stemte ved eitt eller begge vala (soknerådsvalet og bispedømerådsvalet). Valdeltakinga var på 12 %. Det var 7 % som stemte på papir og 5 % som nytta den digitale førehandsstemminga. Valdeltaking for heile landet var 9 %.

Det var svært få som nytta tilbodet om førehandsrøysting i Knarvik kyrkje.

Kyrkjeval på same tid og same stad som kommunestyre- og fylkestingval er ressurskrevjande.

Takk til alle som bidrog til at valet kunne gjennomførast på ein god måte.

3. KNARVIK SOKNERÅD pr 31.12.23

Hildur Løkken Lillestøl	Leiar
Svein Arne Hatlevik	Nestleiar
Helge Haugland	Representant Alver kyrkjelege fellesråd
Monika Bøkevoll Aarland	Vararepresentant Alver kyrkjelege fellesråd
Arthur Fondenes Kleiveland	Medlem
Birte Therese Nilsen	Medlem
Håkon Glatved-Prahl	Medlem

Karoline Vemøy Sundsbø	Medlem
Kåre Jordal	Medlem
Margrethe Myksvoll	Medlem
Berge Toppe	1. vara
Åge Clausen	2. vara
Rune Landsvik	3. vara
Lillian Berentsen	4. vara
Mona Langenes	5. vara
Cathrine Grutle	Geistleg representant
Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn	Vara for geistleg representant

Arbeidsutvalet, som består av leiar, nestleiar og sokneprest, har hatt møte i forkant av kvart soknerådsmøte.

4. DEI TILSETTE MED TENESTE I KYRKJELYDEN 2023

Bjørn Furukawa	Kyrkjetenar	100 % stilling
Cathrine Grutle	Sokneprest	100 % stilling
Eirun Bjotveit Fonneland	Kyrkjelydspedagog 80 % 20 % betalt av soknerådet	80 % + 20 %
Helge Hitland	Vikar for spesialprest t.o.m. juni	50 % stilling
Helle Leivestad Kartveit	Vikar for spesialprest t.o.m. mai	50 % stilling
Nina Jenny T. Monstad	Kateket	80 % stilling
Odd Leif Mjøs	Kantor	100 % stilling
Synnøve Bjørndal	Dagleg leiar og prostesekretær	80 % + 20 %
Tone Marit Øvretveit Dyrkolbotn	Spesialprest. Permisjon t.o.m. juni	100 % stilling

Soknerådet har gjort vedtak om at dei betalar for 20 % stilling som kyrkjelydspedagog. Dette er prosjektstilling i 3 år. Målet er å frigjere tid til arbeid med frivillige medhjelparar og leiartrening for ungdom. Eirun Bjotveit Fonneland vart tilsett i dette engasjementet frå 1. desember 2022.

Soknerådet har engasjert 2 ungdomar som medhjelparar på KyrkjeGym og Fredagsklubb.

Magne Bjørndal er prostiprest/seniorprest i 50 % stilling i prostiet. Prost Helge Taranrød har kontor plass i Knarvik kyrkje.

I juni hadde dei tilsette stabsdag på Lyngheisenteret. Det var fokus på fellesskap, kva verdiar som er viktige i staben og planlegging av programmet og satsingsområda for haustsemesteret. Ein tur ut i lyngheiane vart det også tid til.



5. STATISTIKK

	2023	2022	2021	2020	2019	2018	2017	2016
Gudstenester søn- og heilagdag	78	90	102	95	89	91	96	96
Gjennomsnittleg frammøte	94	73	49	64	124	124	127	128
Gjennomsnittleg nattverddeltaking	45	41	30	50	56	66	61	55
Dåp	69	69	63	59	71	57	84	73
Konfirmantar	71	62	89	74	67	84	70	76
Vigsler	10	16	10	14	15	17	16	8
Gravferder	56	48	54	49	63	45	59	62
Innmelde	10	5	6	1	5	4	3	3
Utmelde	26	23	25	23	30	15	31	51

Som de ser av statistikken er gudstenestetalet for 2023 lågare enn 2022, som må seiast å vere eit normalår etter pandemien. Hovudgrunnen til at dette talet er lågt har samanheng med straumsparingstiltaka Kyrkjeleg Fellesråd i Alver sette inn våren og hausten 2023. I fleire månader var det gudsteneste berre i Knarvik kyrkje, sidan det ville vere minimalt å spare på å halde denne stengt.

I denne perioden har vi heldigvis kunne halde gravferd frå alle kyrkjene våre.

Det er trist at høge straumutgifter, kombinert med trong økonomi, får denne typen konsekvensar. I framtida må vi jobbe for å halde gudstenestetalet oppe i alle fire kyrkjer.

Talet for gjennomsnittleg frammøte er høgare enn føregåande år, og det er hyggeleg. Det kan ha samanheng med at det har vore færre gudstenester å gå på. Vi ser også at talet for nattverddeltaking stig, men vi har litt igjen før vi er tilbake på nivået i 2018.

6. GUDSTENESTER

Gudstenestene våre er kyrkjelyden sine pulsslag. På desse samlingane møter vi Gud og kvarandre. Eg opplever at vi har ein god og føreseieleg gudstenestefrekvens i soknet vårt. Soknerådet har bestemt at det skal vere gudsteneste i Knarvik kyrkje kvar søndag, men ingen av desse gudstenestene er like. Den første søndagen i månaden er det gjerne gudsteneste med dåp og nattverd. På desse søndagane er det gjerne søndagsskule. Andre søndag i månaden er det gudsteneste med nattverd. Bakgrunnen for at vi ikkje opnar for dåp desse søndagane er at vi ønsker å servere meir «grovbrød» enn vi gjer på dei øvrige gudstenestene. Tredje søndag i månaden prøver vi å ha familiegudsteneste. På desse gudstenestene er det viktig å planlegge slik at vi veit at det vil komme barn. For eksempel ved å invitere til 4-årsbok, Tårnagent eller Lys Vaken. Den fjerde og siste søndagen i månaden er det kveldsgudsteneste. Denne gudstenesta begynner å finne si form med band, forsongarar og mykje lovsang. Liturgien her er enklare enn på formiddagsgudstenestene våre.

Etter kvar gudsteneste er det prioritert å ha kyrkjekaffi. Det er eit godt tiltak. Samtidig kan vi alle utfordrast til å snakke med nokon vi ikkje kjenner så godt.

Det er søndagsgudsteneste i Seim og Alversund ein gong i månaden. I Lygra er det gudsteneste rundt 5 gonger i året.

Pilegrimsgudsteneste

Det har vore ein lang tradisjon å feire friluftsgudsteneste i Bøkeskogen saman med Vollom bedehus. Dette året fekk vi beskjed om at dei ikkje lenger ønsker å fortsetje samarbeidet. I den forbindelse vart det bestemt at vi ville bruke «friluftsgudsteneste-dagen» til å arrangere pilegrimsgudsteneste i Lygra kyrkje. Etter denne familiegudstenesta gjekk vi pilegrim ut til Lyngheisenteret med ulike postar på vegen. Då vandringa var over fekk barna eigne pilegrimspass og vi koste oss med is og pølse i brød. Lauritz Harr frå Regionalt pilegrimssenter i Bergen var med på gudstenesta og heldt eit foredrag ute på Lyngheisenteret. Det var fint å samarbeide med dei som jobbar på senteret. Alle 1. klassingane på Seim skule vart invitert med på arrangementet.

Solidaritetsgudsteneste

Rune Soltvedt, tidlegare sportssjef i SK Brann var gjest på årets solidaritetsgudsteneste. Tema: «Noen må våke i verdens natt» - korleis vi alle kan utgjere ein forskjell ved å stille opp for kvarandre. Samtalepart var Ole D. Hagesæther.

Andaktar på sjukeheimen

I tillegg til gudstenestene våre har vi andaktar på Knarvik Sjukeheim kvar 14. dag. Oppmøtet på desse samlingane varierer, men dei som kjem set særleg stor pris på musikken.

KVARDAGSGUDSTENESTER I ALVERSUND

I 2023 har ein fått til eit nystarta tiltak i Alversund. Den andre måndagen i månaden, kl. 14.00, vert det arrangert ei kvardagsgudsteneste i Alversund.

Gudstenestene har vore delvis i kyrkja, og delvis i kyrkjelydshuset. I kalde periodar har ein vore i kyrkjelydshuset for å spare straum.

Tanken er at dette tilbodet skal kompensere litt for bortfall av gudstenester i Alversund etter at gudstenestetalet i denne krinsen vart kraftig redusert då kyrkja i Knarvik kom. Det skal likevel ikkje vere i konkurranse med dei regulære gudstenestene. Og ein har lagt det til ein dag der kyrkja og/eller kyrkjelydshuset ikkje trengs for å avvikle for eksempel gravferder. Tidpunktet, midt på dagen, tilseier at det i hovudsak er pensjonistar som har høve til å møte fram.

I forlenginga av gudstenesta er det alltid ei sosial samling med kyrkjekaffi i kyrkjelydshuset. Før gudstenesta startar har det alltid vore invitert til å delta i eit lite, fysisk tiltak frå kl. 12.30. Ein trimtur i nabolaget i Alversund, kalla KYRKJEGANG. Det er Kåre Jordal som har leia desse turane, og ein liten flokk har vore med, stort sett kvar gong.

Kvardagsgudstenestene vert gjennomførte ved at alle som medverkar gjer det på dugnad, også prestetenesta og musikartenesta.

Ein flokk pensjonerte prestar vekslar på å forrette, og ein fast pianist, Rune Landsvik, spelar. Nokre damer står for kyrkjekaffien.

Det vart i alt halde 9 gudstenester gjennom året, med til saman 211 gudstenestedeltakarar. Den best besøkte gudstenesta hadde 36 deltakarar, og på den minst besøkte deltok 12 personar. Gjennomsnittet var litt over 23 personar.

7. MELDING OM ARBEIDET

7.1. TRUSOPPLÆRINGSTILTAK

Dei aktive breiddetiltaka i trusopplæringsplanen fungerer godt, sjå oversikta nedanfor.

Andre trusopplæringstiltak har framleis status som passive, av to hovudgrunnar:

1) Det trengs fleire frivillige medarbeidarar, og 2) I 2023 har det vore viktigast å etablere vidare samlingar som utgjer ein «meir stabil grunnmur» for barn, unge og familiar i kyrkjelyden.

Aktivitetane i grunnmuren er I) familiegudstenester/søndagsskule (samlingar tilpassa barna søndag formiddag), II) kyrkjemiddag, III) samarbeid med dei kontinuerlege tiltaka (f.eks barnekor og speidaren) og IV) vidare samarbeid med familiar og frivillige medarbeidarar. Gjennom året 2023 har grunnmursarbeidet utvikla seg i god retning. Når me har fleire ressursar å spele på, og stødige samlingar å invitere nye inn i, kan me aktivere fleire av breiddetiltaka i trusopplæringsplanen.

Aktive breiddetiltak i 2023:

0 - 2 år: **Babysang**; Annankvar måndag om formiddagen i skuleåret.

1 - 3 år: **KyrkjeGym**; Fri leik, hinderløype, kort bibelsamling og evt matpakkekvelds. Det har vore 11 samlingar i løpet av året.

4 år: **Mi Kyrkjebok**; 4-årsboka blei delt ut på familiegudsteneste i Knarvik og i Seim/Lygra. 4-åringane får Kyrkjebok m/aktivitetshefte og det var kyrkjekaffi og aktivitetar etter gudstenesta. Det var bra oppmøte, 38 barn fekk bok.

8 år: **Tårnagenthelg**; 8-åringane vert inviterte til mysteriejakt i kyrkja. Barna løyste oppgåver, slik at me fann kyrkjeskatten. Det var 19 deltakarar.

11 år: **Lys Vaken**; Lys Vaken er leir i kyrkja frå laurdag ettermiddag til søndag etter familiegudsteneste. Dette året vart det ikkje overnatting i kyrkja fordi me mangla nattevakter. Ungdommar i leiartreninga var ein viktig ressurs under Lys Vaken.



7.2. KONFIRMANTARBEIDET

I 2023 vart eit kull med konfirmantar konfirmerte i mai, og eit nytt kull starta opp om hausten. Det vart gjort nokre endringar før det nye kullet tok til. Opplegget vart då slik at konfirmantane kunne velja ei gruppe, anten friluftskonfirmant, lyd- og musikkonfirmant eller Q&A-konfirmant. Det var to friluftsgupper, éi lyd- og musikk og éi Q&A. Det har vore kjekt å gjere det på denne måten, slik at konfirmantane kunne velja gruppe litt ut frå interesser. Friluftsgjengane har stort sett hatt undervisninga si ute i friluft, der dei òg har lært relevante ting i friluftslivet. Q&A og lyd- og musikk har vore i Knarvik kyrkje. Det er rundt 85 konfirmantar i året 2023/2024.

7.3. LEIARTRENING FOR UNGDOM

Hausten 2023 gjekk Knarvik sokn saman med Meland, Osterfjorden og Lindås sokn om å starta leiartrening for ungdom. Det har vore ca 8 samlingar hausten 2023, og har vore ein gjeng på ca 13 ungdommar som har samlast. Dei som har vore med frå Knarvik, 4-5 stk. hausten 2023, har hatt undervisning om leiartrening, leiartrening i kyrkjeleg regi, og andre

relevante tema. I tillegg har dei hatt praksis på LysVaken, og skal vera med på konfirmantleirar og arrangera eigne opplegg for å samla inn pengar til studieturen dei skal ha sommaren 2024.

7.4. SAMARBEID BARNEHAGE – SKULE – KYRKJE

Det er laga plan for samarbeidet skule/barnehage og kyrkje med ein fast årsplan.

- Barnehagane vert inviterte til **julevandring** i Knarvik kyrkje.
- 3. trinn: **Påskevandringar** i «si» kyrkje.
- 5. trinn: **BibelQuiz** i klasserommet.
- 6. trinn: Undervisning i KRLE-temaet “**Kristne overgangsritual gjennom livet** - dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd” i «si» kyrkje.
- Før jul er det **skulegudstenester** for Alversund skule, Seim skule og Knarvik barneskule, for 1.-7. trinn, samt skulegudsteneste for Knarvik ungdomsskule 8.-10. trinn.



7.5. ANDRE TILBOD TIL BORN OG UNGE

Søndagsskule

Det har vore søndagsskule om lag ein gong pr. månad i Knarvik kyrkje. Borna er med på starten av gudstenesta og går så til søndagsskule i kapellet. Etter samlinga er det aktivitetar på kyrkjeterget og leik i tårnrommet. Frivillige medarbeidarar gjer ein god innsats på søndagsskulen.

Fredagsklubb

Fredagsklubben for 5.-7. klasse har hatt 11 samlingar i løpet av året i kyrkjekjellaren i Knarvik. På programmet står leik, spel, kiosk, andakt og aktivitetar. Frammøtet har variert mellom 2 og 24.

KFUK/M-speidarane

Speidaren er populær. Nye grupper har kome til, nye vaksne medarbeidarar også, og likevel er det venteliste for å bli med. Speidaren er godt tilpassa dei ulike aldersgruppene. Nokre av dei eldste av Vandrarane deltok på hausttakkefest i Alversund kyrkje i september, og tok også Speidaren sitt kyrkjemerke.

7.6. MØTEPlass FOR UNGDOM

Møteplass for ungdom starta som eit fellestilbod frå Alver kommune og Knarvik sokn august 2021. Det var godt besøkt i starten, og vart ein viktig samlingsplass for ungdom, stort sett i ungdomsskulealder. Utover i 2022 dalte besøkstala, og i slutten av - 22, starten av 23, var det ein liten «kjerne» som kom. Koordinator for Møteplassen, Sunniva Osland Øvretveit, gjorde ein god jobb med å samla denne «kjernen» og dei fekk engasjera seg i ulike ting. Dei arrangerte mellom anna ei overnatting i Knarvik kyrkje, med godt opplegg, rett før sommaren 2023. Nokre av desse ungdomane vart med vidare på leiartrening hausten 2023.



Møteplassen for ungdom vart lagt ned hausten 2023. Dette vart meldt inn til Bufdir, som har støtta Møteplassen økonomisk, og kommunen, Salto og andre som har vore engasjerte i arbeidet.

7.7. KOR-ARBEID

Knøttekoret

Det er mange som er innoom Knøttekoret og det er mange som er der fast. I løpet av året 2023 har det vore ca 80 barn innoom Knøttekoret. Det er 40-45 barn i gjennomsnitt på kvar øving. I tillegg til borna er det minst med ein vaksen pr barn, men gjerne fleire, både foreldre, besteforeldre og søsken.

Knøttekoret er for førskulebarn frå 2-3 år. Det krev struktur, variasjon og aktivitet for å engasjere så mange små born. Vi har ei fast ramme med song, aktivitet med Shelly (maskot) og avslutning med kort bibelhistorie og kveldssong. Dette året har vi hatt to «konsertar» (avslutning på kvart semester), der vi har invitert venner og familie. På desse «konsertane» fyller vi nesten Knarvik kyrkje. I tillegg har vi delteke på to familiegudstenester i Knarvik kyrkje, ei om hausten og ei om vinteren. Koret er medlem av NMSU.

Sing Singeling / SingOut

Barnekora øver i Alversund kyrkjelydshus. Dei avslutta vårsemesteret med konsert i Knarvik kyrkje og i desember framførte dei JULESPEL for andre år på rad.

Sing Singeling er for 1.-3 klasse.

SingOut for 4.-7. klasse har mellom anna reist på leir og dei deltok på LysFesten i Bergen 2023.

Knarvik Gospel

Koret har ca. 25. medlemmar og øver annakvar torsdag i Knarvik kyrkje. Koret har delteke på nokre gudstenester, på ein songkveld med TeDeum i Ostereidet og har hatt ein gospelkveld med Jaemie Walde.

Alversund kammerkor

Koret har 41 medlemmar.

Kammerkoret har øving kvar tysdag, i tillegg til 10 helgeøvingar knytt til konsertframføring. Koret tok del i gudsteneste i Knarvik kyrkje 4 gonger i løpet av året.

Konsertar/arrangement:

- «Syng med» vårkonsert i Knarvik kyrkje og Myking kyrkje.
- Konsert saman med Radøy Brass med framføring av «Solsongen» av Torstein Aagaard-Nilsen. Komponisten sjølv var dirigent.
- Sommarkonsert i Alversund kyrkje som ein del av programmet under Alversunddagane. Tema for konserten var «Draumen om fred – konsert og allsong med Ivar Medaas og Aslaug Låstad Lygre på programmet.»
- Vårsemesteret vart avslutta med å delta med korsong på kveldsmesse i Mariakirken og middag på Bryggeloftet etterpå.
- 5. november framførte koret delar av Pilegrimsessa til Egil Hovland på gudsteneste i Knarvik.
- Konsert i Knarvik kyrkje 19. november: Vivaldis «Gloria» og Faurès «Requiem» med solistar og muskarar frå Bergen Filharmoniske Orkester.
- «Syng jula inn» i Knarvik kyrkje. Ein uhøgtideleg konsert med korsong og allsong.

7.8. KONSERTAR/KULTUR

Det var 36 konsertar i kyrkjene våre i løpet av året. Det er litt færre enn i 2022. Soknerådet og kora i kyrkjelyden arrangerte 12 konsertar og det var 24 utleigekonsertar.

I mars stod soknerådet som arrangør for Peters påske - ei musikalsk reise gjennom Bibelen si påskeforteljing, med Torbjørn Sæle, Ove I. B. Danielsen, Vibeke Bjørndal Midttun og Stine Karin Sæle. Gjesteartist var Ingelin Reigstad Norheim. Det var bra frammøte på konserten.

Alversunddagane vart arrangert 29. mai – 4. juni. I Alversund kyrkje var det gudsteneste ved Ola Johannes Jordal og Rune Alver, konsert med Alversund kammerkor og konsert med Alverflaten Jazzband. Kyrkjelydshuset kunne ønskje velkomen til utstilling (Bergartar og mineralar frå Nordhordland), Eventyrstund og musikk for barnehagane ved Rune Alver, kafé m.m.

Kyrkja i Alver v/ diakonane arrangerte «Songen og sorga» i oktober. Det var eit musikalsk møte mellom Sølvi Helen Hopland og Ove I. B. Danielsen - trøystesongaren og sorgsongaren. Dei song aleine og saman, og førte ein samtale om deira ulike sorgveggar og korleis leva vidare. Stine Karin Sæle var med som musikalsk gjest. Etter konserten var det kyrkjekaffi i kyrkjekjellaren med høve til samtale.

Søndag 3. desember var det fullt program i Knarvik kyrkje: Gudsteneste kl. 11, kyrkjekaffi, konsert med SKRUK kl. 13 og konsert med Tor Endresen m.fl. kl. 19.

I løpet av eit år har vi fleire faste utleigearrangement i Knarvik kyrkje: Trafikksikkerheitsaksjon for russen, Pensjonistseminar (Knarvikmila), seminar i samband med Ungdomsmila og Det Norske Misjonsselskap har misjonsmesse.

Stand på Knarvikmila

Tidleg i august vart kyrkja utfordra av dei som arrangerer Knarvikmila til å representere kyrkja på ein stand i Nordhordlandshallen. Denne utfordringa tok staben på strak arm og på kort tid fekk vi organisert ein stand og var til stades både laurdag og søndag.

Vi hadde med oss lysglobe, bønneblomster, popkorn og hinderløype for dei minste, for å nemne noko. Det var ei blanding av stab og frivillige som bemanna standen. Det vart mange gode samtalar og vi delte ut brosjyrar om kyrkjemiddag, trusopplæringstiltak og korleis ein kan gå fram for å leige lokale i kyrkja. På søndag var Shelly på besøk og reklamerte for Knøttekoret.

Plasseringa i lokalet var veldig god og vi opplevde at mange kom innom.



7.9. KYRKJEKLUBBEN

Kyrkjeklubben har hatt 10 klubbkveldar i 2023. Dette året har me berre hatt arrangement med eigne folk. Det er kjekt med spesielle arrangement som konsertar osv, men me opplever og at det vanlege, kjende opplegget fungerer godt for gruppa vår. Før jul hadde me eit improvisert rollespel der alle deltok på ulike måtar medan me las juleevangeliet frå Lukas. Det kjem stadig folk bort og fortel om kor mykje klubben betyr for medlemmane, og at dei har gledd seg heile dagen til å komme. Kyrkjeklubben er eit samarbeidsprosjekt med Osterfjorden sokn.

7.10. KULTURKAFÉ

Kulturkaféen i Knarvik kyrkje har dette året hatt 8 kafésamvær. Fire på våren og fire i haust. Det har vore mellom 40 – 100 frammøtte på samværa. Vi har markert faste, påske og advent på samlingane gjennom aktivitetar, samtale og tradisjonell mat. I haust hadde vi tema «Helse og Trivsel» ved Erling Rud (lege) og Susanne Rebnor (helsesjukepleiar). Ressursgruppa har bestått av 10 personar, m.a. ein frå Syria og to frå Ukraina. Gruppa har hatt to planleggingsmøte i semesteret. I tillegg har vi hatt ei flott kjøkkengruppe på om lag ti personar. I denne gruppa har vi og hatt medhjelparar frå Syria og Ukraina.

6. januar inviterte vi til «juletreffest for alle i Alver» i samarbeid med alle kyrkjelydane i Alver. Vi kunne glede oss over om lag 300 frammøtte frå mange ulike kulturar og i alder 0 – 90 år. Vi ville gjerne følgje opp dette og i juni inviterte vi derfor til Sommarfest for alle i Alver i Haltejohansvika. Om lag femti personar i ulik alder hadde ei fin sommaroppleving i fleirkulturelt fellesskap.

7.11. FREDAGSKAFFI I ALVERSUND

Fredagskaffien har hatt 7 samlingar i 2023. Frammøtet har vore bra med 15-20 deltakarar. Som naturleg er, er det ein del som fell frå og kjekt er det at nye vert med. Det har vore fine innslag med andakt og forteljingar og mykje god song – og kaffi og vaflar.

7.12. KYRKJEMIDDAG

Kyrkjemiddag er eit tilbod om å koma saman, på kryss og tvers av aldersgrupper og livssituasjonar, for å eta middag saman. Etter middag er det Ord for dagen, enkel dessert, og god prat over kaffi-/tekoppen. Leikar blir sett fram til barna. I november og desember vart

kyrkjemiddagen avlyst fordi det mangla hjelparar på kjøkkenet. I tillegg til gudstenestene søndagar, begynner Kyrkjemiddag å etablere seg som ein ekstra dag der folk frå alle generasjonar kan møtast i kyrkja.

7.13. SORGGRUPPE

Diakonane i Alver samarbeider om sorggrupper på vegne av alle sokna i Alver. I 2023 var det ei gruppe med 7 deltakarar.

7.14. MISJONSPROSJEKT

Kyrkjelyden i Seim har avtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) om å støtte eit misjonsprosjekt i Etiopia. Kyrkjelyden i Alversund/Knarvik støttar eit NMS-prosjekt i Estland.

7.15. FACEBOOK OG HEIMESIDE

Facebooksida «Knarvik kyrkje» har 1311 følgjarar og får litt respons på innlegg om gudstenester, trusopplæringstiltak, konsertar m.m. Facebook er ein viktig kanal for å koma i kontakt med kyrkjelyden og for å dela informasjon.

Seim kyrkje, Lygra kyrkje og fleire av aktivitetane i soknet er også på Facebook.

I tillegg har kyrkjelydane fleire Facebookgrupper, som Babysang, Knøttekoret osv.

Nettsida for Knarvik sokn har adressa www.kyrkja.no/knarvik.

Her kjem det informasjon, det er påmeldingsside til dåp, konfirmasjon, vigsel og enkelte arrangement og det er kalender med oversikt over aktivitetar.

8. UTVAL, NEMDER OG ANNA VERKSEMD I KYRKJELYDEN

8.1. KYRKJELYDSUTVAL

Det er oppretta kyrkjelydsutval i Alversund, Seim og Lygra. I Seim og Lygra har utvalet mellom anna ansvar for å finne medhjelparar til gudstenestene og føreslå offerføremål. I Knarvik er det oppretta ein arrangementskomité.

Arrangementskomitéen i Knarvik kyrkje

I vår inviterte komitéen til ei rundreise til dei fire kyrkjene i soknet vårt: Knarvik, Alversund, Seim og Lygra. Dei fire kveldane gav rom for både kunnskap, ettertanke og fellesskap. Tidlegare sokneprest Åge Palmesen viste oss kyrkjehusa og gav oss bakgrunn for kyrkjene. Kantor Odd Leif Mjøs var med og presenterte orgla. I snitt var det 35 som var med på «kyrkjeferd i eige sokn».

I oktober var det temakveld om truedkjeningane våre ved prost Leif Endre Grutle – «Truedkjeninga – korleis tekstane vart til og korleis dei framleis er aktuelle.»

Kyrkjelydsutvalet i Seim

På Seim har det vore fire fantastiske konsertar i 2023.

- Koret Brødrerøster frå Hamar kom i mai.
- 22. juni blei ein konsert flytta frå Bøkeskogen til Seim kyrkje grunna veret, då var det lokale musikarar frå Frekhaug/Knarvik som framførte nydelege salmar.
- Seim musikklag hadde adventskonserten sin i desember.
- Litlejulafta hadde Seim songkor sin årvisse litlejulafta-konsert.

Alle samla fulle hus.

I tillegg går roseprosjektet sin gang ved hjelp av gode frivillige.

Kyrkjelydsutvalet i Lygra

Utvalet i Lygra tok godt imot kyrkjelyden som kom på «Kyrkjeferd» i mai og samlinga vart avslutta med god kyrkjekaffi. Kyrkjelydsutvalet var med på førebuingane til pilegrimsgudstenesta i juni og i september serverte dei kveldsmat til konfirmantane som hadde gått pilegrimsvandring frå Lyngheisenteret til kyrkja.



8.2. «ROSEPROSJEKTET»

Jubilantar får helsing frå kyrkjelyden frå dei fyller 80 år og kvart femte år etter det. Frå Knarvik/Alversund melder dei at mottakarane (med svært få unntak) set stor pris på å få blomst til 80-, 85-, 90-, 95 og 100-årsdagane sine. Det har gått greitt med utdelinga med dei personane som dei har med no. Men nokre nærmar seg 80 sjølv og i Knarvik-regionen aukar det på med nye 80-åringar, så det trengst etter kvart nye medhjelparar.

I Seim er det 27 personar som har fått besøk i 2023 og medhjelparane synest at dette er ei kjekk oppgåve. I Lygra var det 4 jubilarar som fekk besøk.

8.3. KYRKJEKONTAKTEN

Frå 2022 er alle sokna i Alver (pluss Modalen) med i felles kyrkjelydsblad. Bladet har 8 fellessider og 8 sider frå eige sokn. Bladet kjem ut med fire nummer i året. Frivillige gaver og annonsar dekkar det meste av utgiftene i 2023.

Øystein Skauge er redaktør for fellesbladet. Lokal redaksjon har den siste tida vore staben ved kyrkjekontoret.

8.4. FJON FJELLKYRKJE

Fjon Fjellkyrkje og ungdomssenter har hatt eit godt år med god utleige.

Det er framleis plass til fleire og vi satsar på at gamle og nye gjester vil nytte fjellkyrkja i 2024. Olsokstemnet i år var godt besøkt med over 100 personar i salen. I år var arrangementet eit samarbeid mellom Mo sokn og styret i fjellkyrkja. Styret i fjellkyrkja har nytta mykje tid til å arbeide fram ny organisering av Fjon Fjellkyrkje. Dette skal opp på Rådsmøtet 2024.

9. KYRKJEBYGG OG ALVERSUND KYRKJELYDSHUS

9.1. BRANNVERN

Alver kyrkjelege fellesråd har hatt ein gjennomgang av brannvern og rømningsvegar i alle kyrkjene. Konklusjonen etter oppmåling i Knarvik kyrkje viser at det kan vere berrre 430 (inkludert medverkande) til stades i hovudetasjen. Det vert jobba med å finne løysing for å lage rømningsveg for fleire. (Pr. mars 2024 ser det ut som dette skal gå i orden.)

9.2. DUGNAD ALVERSUND KYRKJE

I april vart det gamle golvteppet i koret fjerna. Golvet vart slipt og malt. Like etter la Fargehuset løparen heilt fram til alterringen, og dermed var den innvendige oppussinga fullført.

I mai vart kyrkja vaska utvendig og gangarealet rundt kyrkja reinska for ugras. Det vart så tilført og planert ny grus. Alt i nært samarbeid med driftsavdelinga. I alt var 10 personar med på dugnaden og ytte vel 100 timar dugnad.

9.3. ALVERSUND KYRKJELYDSHUS

Alversund Kyrkjelydshus har hatt god etterspurnad i året, men utan den entusiastiske Kyrkjeringen sin innsats ville driftsresultatet neppe gått i pluss. Huset ynskjer å vere delaktig i formidlinga av «Den Glade Bodskap». Av aktivitetar kan nemnast; barnekor, speidaren, ymse gruppesamlingar, Fredags-kaffi, kvardagsgudsteneste og utleige til ulike samlingar. Ei stor takk(!) for den dugnadsinnsats som gjer det mogeleg å drive huset.

Kyrkjeringen

Kyrkjeringen har 10 medlemmer, og møter 15 gonger i året. Aktiviteten i gruppa har vore å førebu den årlege basaren i februar, og tilsyn med huset gjennom året. Basaren samlar fullt hus og det er god stemning. Dette året vart resultatet etter basaren, kr. 80 829,- . Barnekora Sing Singeling og Sing Out framførte vakker song. Desse tek også del i sal av loddbøker, som kyrkjeringen er svært takksam for.

I april tok kyrkjeringen ansvar for vårreingjering innomhus i Kyrkjelydshuset.

Kyrkjeringen tok elles del i Alversunddagane i juni, med kyrkjekaffi og kafé på huset.

Kyrkjeringen håpar at huset har vore ein god møtestad for alle som har vore innom!

10. ØKONOMI / UTLEIGE I KNARVIK KYRKJE OG KYRKJELJELLAREN

NY GIV – Fast gjevarteneste

I mange år har kyrkjelyden hatt ei ordning med fast gjevarteneste. I 2023 fekk vi inn 152.750 frå 23 gjevarar. Stor takk til kvar og ein som er med i ordninga. Desse pengane er den økonomiske ryggraden i satsinga på barn og unge.

Men vi må ha fleire med oss i denne tenesta. Som kristne veit vi at «Intet er vårt, alt er ditt» (sjå salmeboka nummer 713) . Vi er forvaltarar som er sett til å dela: Målretta, gjennomtenkt og ansvarleg.

I året som kjem, vil vi utfordra til forpliktande medarbeidarskap, òg på det økonomiske området. Eit av dei siste vedtaka soknerådet gjorde i 2023 var å oppretta eit utval som skal arbeida for rekruttering til gjevarteneste. Gruppa er nå godt i gang.

Rekneskap 2023

Rekneskapen for 2023 blir lagt fram på årsmøtet.

Rapporten frå Aider, rekneskapsbyrået, viser eit driftsunderskot på kr. 230.111. Etter overføring til og frå div. driftsfond, vil driftsresultatet for soknerådet vere på minus ca. kr. 90.000.

Soknerådet har fått gåve på kr. 22.000 til pianofond Alversund kyrkje.

Knarvik kyrkje - renter/avdrag

Soknerådet har ansvar for å betale renter og avdrag på lånet. Rentene auka mykje mot slutten av året 2022.

	2022		2023	
	Inntekter	Utgifter	Inntekter	Utgifter
Avdrag		266 660		266 660
Renter		134 887		289 599
Husleige kontor	150 000		150 000	
Leigeinntekter konsertar	135 359		83 442	
Leigeinntekter kyrkjekjellaren	99 217		106 130	
SUM	384 576	401 547	339 572	556 259
Ta av fond	16 971		216 687	